

# «Vårt tilsyn – din tryggleik»

I 2015 utvikla vi ein ny strategisk plan for perioden 2015–2019. Statens helsetilsyn skal arbeide for at befolkninga får gode helse-, sosial- og barnevernstenester når dei treng det. Tilsynet skal vere verknadsfullt og føre til betre tenester. Brukarinvolvering i alle former for tilsyn kjem til å prege utviklinga av tilsynet i åra som kjem. Det å lytte aktivt til dei vi er til for, sikrar at vi utviklar oss på ein måte som gjer oss fortente til tillit frå befolkninga.

I 2015 erfarte vi at uro og konfliktar i andre land kan få konsekvensar for nasjonale tilsynsfaglege vurderingar. Den store tilstrøyminga av asylsøkjarar og flyktningar har gitt fylkesmennene ei heilt ny utfordring med å prioritere. I ein situasjon der det er stort behov for helse-, sosial- og barnevernstenester, bør vi prioritere tenesteytinga. Tilsyn bør ikkje vere det første statlege verkemiddlet samfunnet tek i bruk for å sikre nødvendige tenester til asylsøkjarar og flyktningar. Vi må i ein ekstraordinær situasjon ha vilje og evne til å opprioritere slik at ressursane i tilsynet blir retta inn mot dei områda som er særleg viktige for sårbare grupper.

Skal vi i fellesskap lykkast med å få flest mogleg inkluderte i meiningsfulle aktivitetar, så er det viktig å utvikle partnarskapen i NAV slik at brukarar av kommunale sosialtenester får individuelt tilrettelagde tenester. Eit samfunn som gjer det mogleg for menneske å ha noko å leve i, noko å leve av, noko å leve for og nokon å leve saman med – det vil seie bustad, arbeid, meining i tilværet og medmenneskeleg fellesskap – vil også førebygje liding og bidra til at menneske



**Brukari  
involvering i alle  
former for tilsyn  
kjem til å prege  
utviklinga av  
tilsynet i åra  
som kjem.”**



meistrar eit tilvære med helse-utfordringar og sosiale utfordringar.

Vi kan summere opp dei fleste av tilsynsfunna våre med at det er veikskapar på eitt eller fleire av følgjande område: læring i organisasjonen, kommunikasjon og kompetanse. For at verksemder skal kunne lære av eigne erfaringar og sikre at personell med rett kompetanse samhandlar effektivt, er det viktig med eit godt arbeidsmiljø. Eit ugunstig arbeidsmiljø kan gå ut

over den evna ei verksemd har til å yte forsvarlege tenester. Dette inneber at vi i tilsynsorganet må utvikle kompetansen vår om korleis arbeidsmiljø påverkar kvaliteten i tenesta, og utvikle samarbeidet vidare med dei som har det primære ansvaret for å følgje opp at arbeidsmiljøet er trygt og godt.

NOU 2015:11 «Med åpne kort». Forebygging og oppfølging av

*alvorlige hendelser i helse- og omsorgstjenestene* inviterer til ein diskusjon om korleis samfunnet på ein god måte kan organisere innsatsen for å gi befolkninga gode og trygge tenester. Det er ein viktig diskusjon fordi dei organisatoriske rammevilkåra er viktige for å sikre befolkninga fagleg forsvarlege tenester. I NOU 2015:11 blir det understreka kor viktig det er med godt tilsyn; etterspørselet etter tilsyn kjem ikkje til å bli mindre dersom tilrådingane blir følgde opp. Utgreiinga skildrar behov for meir tilsyn, samtidig som tilsynet skal vere grundigare og gjerast raskare. Skal vi kunne oppnå dette innanfor dagens ressursrammer, står samfunnet føre nokre krevjande prioriteringar.

Ein god barndom varer heile livet. Eit godt barnevern må vere eit sikkerheitsnett når barn blir utsett for skadelege oppvekstforhold. Derfor er det viktig at vi utviklar kunnskap som bidreg til eit godt barnevern og tilpassa verke-middelbruk, der vi grip inn til rett tid og på rett måte.

Det samla tilsynsmyndet består av fylkesmannen og Statens helsetilsyn. Vi er avhengige av kvarandre, og begge må lykkast for at vi skal kunne nå målet om godt fagleg tilsyn. Styringa av regional stat er i endring, og vi ser fram til å bidra til ein god styringsdialog som sikrar fagleg leiing av godt tilsyn.

Helsetilsynet vil at all kunnskap frå tilsyn skal vere tilgjengeleg, tilrette-lagd og brukande for dei som treng han. Vi håper at denne tilsynsmeldinga bidreg til å oppfylle ambisjonen vår, og at lesaren blir styrkt i trua på at godt fagleg tilsyn handlar om å gjere tenestene betre.

God lesing!

A handwritten signature in blue ink.

Jan Fredrik Andresen